



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 15.12.2021: Jordbruket på Vestlandet i 2021

## Auke i jordbruksinntekta for vestlandsbonden i 2021

**Vestlandsbonden fekk ei jordbruksinntekt på 378 700 kroner per årsverk i 2021, ein auke på kr 86 000 frå 2020. På landsbasis auka jordbruksinntekta med kr 75 300, til kr 403 100 per årsverk frå 2020.**

Mjølkebruka på Vestlandet auka inntekta med 29 prosent samanlikna med året før. Gardsbruka med sau hadde ein auke i inntekta på 52 prosent. Frukt- og bærproduzentane hadde ein auke på heile 62 prosent og har den høgaste jordbruksinntekta blant driftsformene på Vestlandet.

### Auke for mjølkebonden

Mjølkeproduzentane fekk ein auke i inntekta si med 29 prosent frå 2020 til 2021, og fekk ei gjennomsnittsinntekt på kr 384 000 per årsverk. Ein auke i mjølkeprisen på 60 øre/liter var viktig årsak i til auke i mjølkeinntektene saman med auka volum. Bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med sau, fekk ein auke på 42 prosent.

### Storfekjøtt og sau opp

Bruka med kjøttproduksjon på storfe hadde ein auke i jordbruksinntekt på 60 prosent samanlikna med 2020. I gjennomsnitt fekk desse produsentane ei inntekt på kr 230 000 per årsverk i 2021, ein auke på kr 86 000 per årsverk.

For sauebruka var gjennomsnittleg jordbruksinntekt på kr 178 000 per årsverk, ein auke på kr 22 000.

### Frukt- og bærproduksjon gjorde det best

For frukt- og bærproduzentane vart 2021 eit svært godt år. Jordbruksinntekta auka med 62 prosent frå 2020 til 2021, og vart kr 539 000 per årsverk.

### Høge investeringar, men uendra gjeld.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka heldt seg høge også i 2021. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 228 000, medan nettoinvesteringane for landet låg på kr 137 000. Rentekostnadene gjekk ned med 9 prosent.

**Driftsgranskningane i jord- og skogbruk** er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2021 var det med 916 bruk, der 184 var frå Vestlandet; 58 i Hordaland, 67 i Sogn og Fjordane og 49 i Møre og Romsdal. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

### Kontaktpersonar ved NIBIO

#### Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58552/992 61920

E-post: [torbjorn.haukas@nibio.no](mailto:torbjorn.haukas@nibio.no)

#### Anders Halland

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 468 15 793

E-post: [anders.halland@nibio.no](mailto:anders.halland@nibio.no)